



Fleire entreprenørverksemder i bygda driv godt og ei av dei er Brødrene Musland Maskin. Roar Musland, som driv saman med broren Tore seier til Kvinnheringen at dei har nok å gjera. Utanom å jobba sjølv har dei tilsett ein fast og har ein dei leiger fast og i tillegg kjem to som jobbar deltid.

Ifjor hadde dei også fullt opp å gjera og er nøgde med utsiktene framover. No held dei på med byggjefelt på Kaldestad og i Prestnes og har hatt ein del jobbar på Stord der dei har bygd opp eit kundegrnlag.

Det kunne vore meir fart i Kvinnherad men firmaet har det bra ettersom dei ikkje er så store.

På biletet over er ein av maskinane til Musland i arbeid på Kaldestad.